



INFORMASJONSSKRIV 2013-2014

Kommunane i Møre og Romsdal
Grunnskolane i Møre og Romsdal
Private skolar i Møre og Romsdal
PPT i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

Enkeltvedtak om spesialundervisning og anna opplæring skoleåret 2013/2014

Enkeltvedtak

1. **Opplæringslova kap. 5** : Spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn / spesialundervisning for skoleelever
2. **Opplæringslova kap. 4A**: Grunnskoleopplæring / spesialundervisning for vaksne
3. **Opplæringslova §§ 2-8 og 3-12**: Minoritetsspråklege elevar i grunnskole/vgo

A. Tilbakemelding for skoleåret 2012/2013

B. Om behandling av klagesaker for skoleåret 2013/2014

Informasjonsskrivet omhandlar ein del faglege og administrative tiltak som kan vere til nytte i arbeidet med å sikre god kvalitet på dei spesialpedagogiske tiltaka som kommunane, fylkeskommunen og skoleeigar skal gjennomføre skoleåret 2013/2014.

Skrivet bør sjåast i samanheng med «*Spesialundervisning – Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning*» (Utdanningsdirektoratet 2012) - vidare omtalt i dette skrivet som «*Veileder... 2012*».

Skrivet med skjema er lagt ut på Fylkesmannen si heimeside, www.fylkesmannen.no/mr. På heimesida finn du også lenke til Utdanningsdirektoratet:  www.udir.no (Regelverk – PP-tjenesten – Veiledere – Spesialundervisning).

Vedlagt her er 2 skjema som skal brukast ved oversending av klagesaker til Fylkesmannen:

1. Klage på enkeltvedtak – spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning. Opplæringslova §§ 5-1, 5-7, 4A-1 og 4a-2.
2. Klage på enkeltvedtak - særskilt språkopplæring, opplæringslova § 2-8 og 3-12

Klagesaker som blir sendt til Fylkesmannen for endeleg klagebehandling, skal alltid kvalitetssikrast og oversendast av skoleeigar/kommunen, jf. opplæringslova § 13-10.

A. Tilbakemelding for skoleåret 2012/2013

1. Tilbakemelding frå Fylkesmannen til skoleeigar/kommunane:

Kommunar/skoleeigarar som har manglar ved rutinar og kvalitetssikring av innsendt saksdokument, er til vanleg gitt ei tilbakemelding om dette gjennom vår klagebehandling. Vi har også gitt generell tilbakemelding ved faglege samlingar for dei skolefagleg ansvarlege i kommunane, ved regionale møte - og ved samlingar for PPT.

Vi vonar at skoleeigar/kommunen, skolane og PPT legg dette informasjonsskrivet til grunn ved den faglege og administrative kvalitetssikringa av planlegging og gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak, og at dette er ein kontinuerleg prosess.

«Veileder... 2012» bør også vere ein del av det same faglege grunnlaget ved saksbehandlinga som vedkjem enkeltvedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

2. Talet på spesialpedagogiske klagesaker dei 4 siste åra:

Skoleåret	Sum klager	Tilbake for ny behandling	Medhald	Ikkje medhald
2009/2010	51	9	18	24
2010/2011	39	6	19	14
2011/2012	54	10	12	32
2012/2013	41	9	17	15

Klagesaker skoleåret 2012/2013:

Heimel	Årssteg	Sum klage	Tilbake for ny behandling	Medhald	Ikkje medhald
§ 5-7	Førskole	19	0	15	4
§ 5-1	Grunnskole	18	7	2	9
§ 5-1	Vidareg. opplær.	1	0	0	1
§ 4A-2	Vaksne	3	2	0	1
	SUM:	41	9	17	15

I våre samtalar med kommunane, ber vi om at kommunen kvalitetssikrar saksdokumenta og enkeltvedtaket før saka blir oversendt til Fylkesmannen som endeleg klageinstans, jf. opplæringslova § 13-10. Klagesaker skal difor ikkje sendast til Fylkesmannen frå den enkelte skole, men frå den enkelte kommune/skoleeigar.

Skoleeigar/kommunane bør i større grad sikre kvaliteten på dei saksdokumenta som blir sendt inn til Fylkesmannen. Av dei 41 klagesakene som omhandlar spesialundervisning skoleåret 2012/2013, sendte vi tilbake 9 saker for ny behandling og/eller for å hente inn ny dokumentasjon. Når saksdokumenta har manglar, medfører dette ein seinare og meir arbeidskrevjande saksgang, og dermed ei seinare avgjerd for barnet/eleven.

Vi har motteke klagesaker frå 16 av 36 kommunar – med variasjon frå 1 til 14 klagesaker frå kvar av desse kommunane.

Gjennom vårt tilsyn med kommunane, har vi påpeikt at dersom mynde til og gjere enkeltvedtak er delegert til rektor, må kommunen/skoleeigar sikre at rektor har naudsynt kompetanse til å gjennomføre slike vedtak, jf. opplæringslova § 13-10 «*Ansvarsomfang*».

Som del av det «systemarbeidet» som er omtalt i opplæringslova § 5-6, meiner vi at PP-tenesta bør vere delaktig i å sikre kvaliteten på den dokumentasjonen som blir lagt til grunn ved eit enkeltvedtak om spesialundervisning. ”Primærdokumentasjon” i slike saker er kommunen sitt enkeltvedtak, samt sakkunnig vurdering frå PPT, IOP og halvårsrapport/årsrapport, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-5.

B. Om behandling av klagesaker for skoleåret 2013/2014

Denne delen av vårt informasjonsskriv omhandlar spørsmål vi gjennom året får frå foreldre, PPT, skolar og skoleeigarar, og som vi trur vil vere til nytte i arbeidet med tilrettelegging av dei spesialpedagogiske tiltaka i medhald av opplæringslova kap. 5. Dette skrivet bør difor nyttast som eit tillegg til «*Veileder... 2012*» frå Utdanningsdirektoratet.

Til orientering er ein lovproposisjon behandla i statsråd april 2013. Regjeringa tek sikte på at lovendringane trer i kraft innan 1. august. M.a. blir den skriftlege halvårsrapporten om spesialundervisning erstatta med ein (1) årleg rapport.

Andre forslag til endringar i opplæringslov og privatskolelov som vart sendt på høyring med frist 03.01.2013, er framleis til behandling i Stortinget. Det gjeld m.a. forslaget om å gjere endringar i reglane om spesialundervisning. Det er sett fram forslag om ei plikt for skolane til å vurdere om elevane får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa - og evt. prøve ut nye tiltak - før det blir gjort sakkunnig vurdering og enkeltvedtak. Vidare er det framlegg om ein plikt for skoleeigar til å samarbeide med andre instansar om utarbeiding og oppfølging av mål og tiltak i individuell plan.

Dette informasjonsskrivet inneheld følgjande 9 avsnitt:

- 1) *Innsendte klagesaker til Fylkesmannen skoleåret 2012/2013. Fokusområde.*
- 2) *Sakkunnig vurdering/tilråding (§ 5-3).*
- 3) *Omfang i PPT si tilråding. (§§ 5-1 og 5-3).*
- 4) *Bruken av assistent.*
- 5) *IOP og halvårsrapport/årsrapport (§ 5-5).*
- 6) *Spesialpedagogisk hjelp i førskolealder (§ 5-7).*
- 7) *Spesialundervisning for vaksne (4A-2)*
- 8) *Minoritetsspråklege elevar i grunnskolen (§§ 2-8 og 3-12).*
- 9) *Enkeltvedtak – reglar for saksbehandling. (forvaltningslova kap. 4, 5 og 6).*
- 10) *Fokusområde ved vår klagebehandling for skoleåret 2012/2013*
- 11) *Om vedlegg til klagesakene ved innsending til Fylkesmannen (oversendingsskjema).*

1. Innsendte klagesaker til Fylkesmannen skoleåret 2012/2013. FOKUSOMRÅDE

Klagesaker som blir sendt Fylkesmannen til endeleg klagebehandling, bør sendast inn i god tid før skolestart. Likevel er det slik at skoleeigar kan sende inn klagesaker til Fylkesmannen gjennom heile året. Dei spesialpedagogiske tiltaka bør behandlast på ein slik måte at dei blir ein naturleg og integrert del av den planlegginga som skal gjennomførast ved planlegging og oppstart av barnehageåret/skoleåret.

Ved vår klagebehandling for 2012/2013 har vi hatt følgjande 5 fokusområde inn mot PPT si sakkunnige tilråding/vurdering og kommunen si saksbehandling og enkeltvedtak, jf. opplæringslova § 5-3:

1. KOR LENGE VARER EI SAKKUNNIG VURDERING:

I opplæringslova § 5-3 er det krav om sakkunnig vurdering/tilråding som grunnlag for kommunen sitt enkeltvedtak. Når vi får spørsmål om kor lenge ei slik tilråding/vurdering kan vare, er alltid vårt svar at den sakkunnige vurderinga må vere «gyldig».

Ein vesentleg føresetnad ved utarbeiding av sakkunnig vurdering/tilråding, er at ein sikrar «overgangane» - frå barnehagen til grunnskolen, mellom barneskole og ungdomsskole og vidaregåande opplæring. «*Veileder... 2012*».. side 65.

2. OMFANG: At omfanget/tida for dei spesialpedagogiske tiltaka skal vere tydeleg oppgitt i PPT si tilråding, og der 1 skoletime er 60 minutt dersom ikkje anna er uttalt. «*Veileder ... 2012*».. side 62, 64, og 70.

3. KOMPETANSE: At PPT som del av si tilråding oppgir kva kompetanse som skal vere tilgjengeleg for at opplæringa skal vere forsvarleg. Slike vurderingar gjeld særleg ved bruk at assistent. «*Veileder2012*».. side 12, 39 og 63.

4. TIDSPERIODEN: Dette gjeld særleg ved gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn der tidslengda for tiltaka må sjåast i samheng med barnehageåret og barnehagen sitt «årshjul», og der ein skal planlegge for eit kalenderår på 52 veker – med fråtrekk av ferie og fridagar. «*Veileder...2012*» s. 13.

5. GRENSEGANGEN: BARNEHAGELOVA OG OPPLÆRINGSLOVA:

I PPT si sakkunnige vurdering er det eit tilbakevendande «problem» at ein ikkje har godt nok kjennskap til kva som skil dei to lovene, og kva slags ressursar som er tilgjengeleg etter kvar av desse lovene. «*Veileder ...2012*» side 13 og 14.

6. FAGLEG FOKUS I SAKKUNNIG VURDERING:

Den sakkunnige vurderinga/tilrådinga (PPT) skal vere kva rett til spesialpedagogisk tiltak eit barn/eleven har i medhald av opplæringslova §§ 5-1 eller 5-7.

«*Veileder ...2012*» side 66 (pkt. 6.5.4).

7. «FORSVARLEG OPPLÆRING»:

Om felles forståing av sentrale omgrep:

I fleire saker har PPT brukt omgrep som «optimal opplæring». «optimale tiltak» etc. – Når så kommunen og Fylkesmannen har brukt omgrepet «forsvarleg opplæring» - slik som brukt i opplæringslova, meiner både foreldra og PPT at dette er ein kvalitativ reduksjon av det spesialpedagogiske tilbodet. For at PPT og kommunen kan einast i bruken av omgrep, særleg i sin kommunikasjon til foreldra, tek vi med to sitat som vi har brukt i vår rådgeving til PPT og kommunane:

«Disse barna har ikke noe ordinært opplæringstilbud, men det bør være mulig å gi en forsvarlighetsvurdering som også er knyttet til barn med særlige behov for spesialpedagogisk hjelp. Her vil vurderingen være knyttet til «Hva slags spesialpedagogisk hjelp vil gi barnet en forsvarlig utvikling» («Veileder.. 2012» s. 10).

«Begrepet «FORSVARLIG» brukt i opplæringslova, må derfor sees i sammenheng med hva som er tilrådelig, holdbart, betryggende og godt nok. Prinsippet om «FORSVARLIG» bygger også på prinsippet om likeverdighet, sammenlignet med de muligheter andre barn/elever får til å utvikle sine evner og anlegg.» (Fylkesmannen - 2012)

2. Sakkunnig vurdering/tilråding, jf. opplæringslova § 5-3

Vi viser til kap. 1 ovanfor der fokus på PPT si sakkunnige vurdering/tilråding for skoleåret 2012/2013 er synleggjort.

PPT si primære oppgåve er omtalt i opplæringslova §§ 5-3 og 5-6. Den sakkunnige vurderinga som PPT skal utforme, skal så langt det er mogleg synleggjere kva for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning barnet/eleven har trong om, og som kan gi barnet/eleven eit forsvarleg tilbod i medhald av opplæringslova § 5-7 eller 5-1.

Den sakkunnige vurderinga/tilrådinga skal så langt råd er gi ei tydeleg forståing av eleven sine behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.

Opplæringslova stiller konkrete krav til den sakkunnige vurderinga i § 5-3:

”Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 eller vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet*
- lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktig for opplæringa*
- realistiske opplæringsmål for eleven*
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet*
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.*

Departementet kan gi nærmare forskrifter om den sakkunnige vurderinga.

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngevinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1, § 5-2 og § 5-7.”

PPT bør vektlegge særskilt strekpunkt 1 og 5. Det er denne delen av tilrådinga som viser om PPT kjenner skolen/klassen, slik at dei spesialpedagogiske tiltaka kan sjåast inn mot den nasjonale læreplanen og gruppa/skolen sine planar og andre aktivitetar. Ei slik vektlegging av PPT si tilråding vil kunne gi eit godt fagleg tilfang til utforminga av IOP.

Samanhengen mellom PPT si sakkunnige vurdering/tilråding og IOP sine opplæringsmål, metodar og organiseringsformer bør vere synleg og tydeleg.

Den sakkunnige vurderinga/tilrådinga skal vere datert, og skal i tillegg underskrivast av leiar ved PPT-kontoret. («*Veileder...2012...*» side 10 og 53).

3. Omfang i PPT si tilråding, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-3

Sjå kap. 1 pkt. 2 ovanfor.

Dersom PPT skal oppfylle kravet i opplæringslova § 5-3, strekpunkt 5: ” – *kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod*”, må PPT gi opplysningar/vurderingar som omhandlar omfanget av dei spesialpedagogiske tiltaka.

På side 10 i «*Veileder...2012*», er følgjande uttalt om omfanget av den spesialpedagogiske hjelpa, jf. opplæringslova § 5-7:

«Når det gjelder utredningen av hva slags spesialpedagogisk hjelp som vil gi barnet en forsvarlig utvikling, er det det samme krav til konkretiseringsgrad her som for sakkyndig vurdering om spesialundervisning. Også her er det et krav om at omfanget som hovedregel angis i timer. Dette er også avgjørende for fritak for foreldrebetaling, se punkt 2.8. Den sakkyndige vurderinga må også synliggjøre om det kan være nødvendig med bruk av assistent for å oppfylle retten etter § 5-7.»

Vidare heiter det i «*Veileder ...2012*» side 57:

«Den sakkyndige vurderingen skal munne ut i en skriftlig rapport fra PP-tjenesten til skoleeier/skolen. Den skriftlige rapporten skal tilfredsstillende de innholdsmessige kravene i § 5-3 første og andre ledd. Rapporten må være utfyllende både når det gjelder utredninger og tilrådingar. Således kan skoleeier/skolen enkelt se de faglige vurderingene som ligger til grunn for den sakkyndige vurderingen, og bruke den sakkyndige vurderingen som grunnlag for sitt enkeltvedtak. Rapporten må være klar og tydelig på hva som vil være et forsvarlig opplæringstilbud for den aktuelle eleven. Dette vil stille krav til rapportens innhold og konkretiseringsgrad. En rapport som er så generell at det ikke er mulig for skoleeier/skolen å finne en utredning og tilråding knyttet til hva slags tilrettelegging den enkelte eleven har behov for, vil være ufullstendig. Dette vil blant annet kunne være manglende angivelse av omfang eller realistiske opplæringsmål for eleven.»

Vi siterer her frå eit tidlegare skriv som er sendt kommunane og PPT i Møre og Romsdal om spørsmålet som gjeld «omfanget» i den sakkunnige vurderinga/tilrådinga:

«Opplysninger om omfang er obligatorisk i en sakkyndig vurdering. Klagesaksbehandlingen lar seg ikke gjennomføre forsvarlig uten opplysninger

fra PPT om omfang. Det er i strid med opplæringslovens intensjoner og sentrale retningslinjer dersom PPT unnlater å gi opplysninger om omfang i forbindelse med en individuell vurdering av eleven.

Fylkesmannen har forståelse for at PPT finner det vanskelig å gi konkrete opplysninger om omfang på et tidlig tidspunkt i saksbehandlingen. Vi mener derfor PPT bør være tydeligere med å omtale usikkerhetsfaktorene, samt gi skriftlig uttrykk for hvilke forutsetninger tilrådingen bygger på. Slike opplysninger fra PPT vil gjøre det enklere å få innsikt i elevens behov for både den som skal treffe vedtaket og den som skal ta stilling til en eventuell klage».

4. Bruken av assistent (Sjå også kap. 1 pkt. 3 ovanfor)

Der det er tilrådd assistenthjelp som del av tilbudet til barnet/eleven, må det gå klart fram kva oppgåver assistenten skal ha. Omfanget av assistenthjelp må også konkretiserast. Ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp (§ 5-7), er det særleg naudsynt at PPT vurderer om bruken av assistent er ein del av tilbudet etter opplæringslova, eller om dette er ei styrking av det ordinære barnehagetilbudet (Sjå pkt. 6 nedanfor). Det er grunn til å minne om at bruken av assistent skal skje etter ei forsvarleg fagleg vurdering, og ikkje etter kva som eventuelt er den rimelegaste løysinga. (*«Veileder...2012» side 12.*)

5. IOP og halvårsrapport/årsrapport, jf. opplæringslova § 5-5

Frå 01.08.2013 fell kravet om halvårsrapport bort. I staden skal det utarbeidast ein årsrapport for den opplæringa som er gitt det enkelte barn, unge og vaksne. Opplæringslova § 5-5 har krav til innhaldet i den individuelle opplæringsplanen (IOP) og halvårsrapporten/årsrapporten. Foreldra skal ha konkret informasjon om heile opplæringstilbudet som ein del av vedtaket. Det kan i praksis vere vanskeleg å gi god nok informasjon om opplæringstilbudet neste skoleår utan at det ligg føre ein IOP eller eit førebels utkast til ein IOP før vedtak blir gjort.

Det er mange IOP-ar som er for generelle og dermed vanskeleg å forstå inn mot korleis opplæringstilbudet skal gjennomførast. Skal opplæringsmåla kunne evaluerast – og dermed fornyast/endrast, må opplæringsmåla vere konkrete og målbare, særleg for det som gjeld innhald, arbeidsmåtar og organisering av denne opplæringa. Ein bør også vere tydeleg på kva som er likt og kva som er ulikt eleven si ordinære læreplan for det som gjeld mål, innhald, arbeidsmåtar og organisering. Vi minner også om at IOP skal utarbeidast i forståing og samarbeid med foreldra. På denne måten kan IOP fungere som eit samhandlings- og kommunikasjonsdokument. Halvårsrapporten/årsrapporten kan ofte bli for generell og for lite spesifikk/konkret. Halvårsrapporten/årsrapporten skal fungere som ei systematisk evaluering av dei opplæringsmåla som er sett – og slik desse opplæringsmåla er utforma og sett opp i den individuelle opplæringsplanen (IOP).

For stordelen av dei klagesakene som kjem til Fylkesmannen, har vi inntrykk av at foreldra i for liten grad er trygge på og/eller har god nok kjennskap til dei spesialpedagogiske tiltaka som skal gjennomførast. Det er viktig at foreldra blir meir involverte i dei prosessane og den samhandlinga som skal ligge til grunn ved utarbeiding av IOP. (*«Veileder...2012» side 73 - 74, 78 – 86, 86 – 87.*)

6. Spesialpedagogisk hjelp i førskolealder, jf. opplæringslova § 5-7

Sjå kap. 1 pkt. 3, 4, 5 og 6 ovanfor.

I enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn, er det ofte ei samanblanding av ressursane heimla i opplæringslova § 5-7 og ressursane heimla i barnehagelova. I klagesaker til oss registrerer vi at bruken av assistent som del av den spesialpedagogiske hjelpa ikkje er vurdert godt nok av kommunane.

Dersom Fylkesmannen skal kunne vurdere barnet sitt rettskrav til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova, er det avgjerande at den sakkunnige tilrådinga gir klårt uttrykk for kva type hjelp barnet har behov for.

Kommunane skal vurdere om bruk av assistent er ein del av den spesialpedagogiske hjelpa etter opplæringslova § 5-7 og/eller hjelp etter barnehagelova § 13. Ei vurdering av assistentressursen i spennet mellom opplæringslova og/eller barnehagelova kan vere ei fagleg/administrativ krevjande vurdering. – Sjølv om dette kan opplevast som ein fagleg «gråson», pliktar ein likevel å drage ei grense mellom tiltak etter opplæringslova og tiltak etter barnehagelova.

§ 5-7 i opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp, er på mange måtar ulik dei andre reglane i kapittel 5. Spesialpedagogisk hjelp er ofte lagt til barnehagen. Sidan det er vanleg å betale for opphald i barnehagen, og spesialpedagogisk hjelp skal vere gratis, må kommunen vere nøye med utforminga av enkeltvedtaket etter § 5-7. I denne samanhengen viser vi til Rundskriv F-39-01 som gjeld § 5-7 og foreldrebetaling. Frå dette rundskrivet siterer vi følgjande:

«Kommunen må fatte et enkeltvedtak der det framgår klart hvilket tilbud om spesialpedagogisk hjelp et barn skal få, og som således må til for å oppfylle den retten barnet har etter opplæringsloven § 5-7 (det samme gjelder for tegnspråkopplæring etter § 2-6 tredje ledd). Dette betyr for eksempel at dersom kommunen mener det er nødvendig med en viss innsats fra en assistent i tillegg til pedagogressursen for at barnet skal få ivaretatt sin rett etter opplæringsloven, må også dette klargjøres i vedtaket.

Dernest må kommunen stipulere hvor mye av den samlede tiden barnet er i barnehagen som går med til å oppfylle retten etter § 5-7 (eventuelt § 2-6 tredje ledd), og som det dermed skal gis fradrag for. Når så omfanget av foreldrebetalingen er fastsatt, er det etter departementets vurdering ingen ting i veien for å spre innsatsen av spesialpedagogisk hjelp i tid på den måten som er naturlig i forhold til barnets totale oppholdstid i barnehagen, uten at dette får ytterligere konsekvenser for omfanget av foreldrebetalingen.»

Etter som barn med funksjonshemmingar i barnehagen kan hente/hentar ressursar frå to lovverk - barnehagelova og opplæringslova - er det viktig at foreldra, PPT, barnehagen og kommunen «talar same språk» og kjenner til korleis desse ressursane er definert og skal brukast.

Sjølvsagt skal ein ved utgreiing og tilråding vurdere den samla oppvekst- og opplæringsssituasjonen for barnet, men dette krev at ein kjenner til lovverket slik at ein i høve ressursspørsmålet kan sjå barnehagelova og opplæringslova – både kvar for seg og samla. "Veileder ...2012», side 7 – 14)

7. Grunnskoleopplæring for vaksne og Spesialundervisning for vaksne, jf. opplæringslova §§ 4A- 1 og 4A-2

Som grunnlag for dette avsnittet, viser vi til «*Rundskriv Udir -3-2012*». Informasjonen i dette rundskrivet omfattar den rett til grunnskoleopplæring som vaksne har i medhald av kap. 4A i opplæringslova. Rundskrivet er omfattande, og i dette informasjonsskrivet peikar vi berre på det viktigaste som gjeld grunnskoleopplæring og spesialundervisning for vaksne.

Ansvar for grunnskoleopplæring av vaksne er regulert i opplæringslova § 4A-4. Kommunen har ansvaret for grunnskoleopplæring for vaksne etter § 13-1, jf. § 4A-4 første ledd og gjer vedtak om slik opplæring. Fylkeskommunen har ansvaret for grunnskoleopplæring for vaksne i barnevernsinstitusjonar og helseinstitusjonar, jf. §§ 13-3 og 13-3a. Skoleeigar har ansvaret for å ha eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslova blir oppfylt, jf. opplæringslova §§ 13-10 og 4A-4.

Grunnskoleopplæring for vaksne, jf. opplæringslova § 4A-1

Vaksne har ein individuell rett til grunnskoleopplæring etter § 4A-1, og kommunen/fylkeskommunen sitt ansvar er uavhengig av talet på vaksne som søker om slik opplæring. For at kommunen skal vurdere om den vaksne har rett til grunnskoleopplæring, må det liggje føre ein søknad frå den vaksne eller denne sin verje. Dersom ein søker tar kontakt med kommunen med spørsmål om korleis han/ho søker, har kommunen ei rettleiingsplikt overfor vedkomande, jf. forvaltningslova § 11. I følgje § 4A-8 har vaksne med rett til grunnskoleopplæring også rett til rådgiving for å kartleggje kva opplæringstilbod den vaksne har behov for. Det bør ikkje gå for lang tid frå den vaksne søker, til kommunen gjer enkeltvedtak og til opplæringstilbodet startar.

Kommunen har også ansvar for evt. realkompetansevurdering; både brukt som sluttvurdering i eit eller fleire fag, men også som reiskap for å avklare den vaksne sitt behov for opplæring i kva slags fag og i faget.

For at retten til grunnskoleopplæring skal tre i kraft, må søkeren

- vere over opplæringspliktig alder
- ikkje ha rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1
- trenge/ha behov for grunnskoleopplæring.

I Ot.prp. nr. 44 (1999-2000) s. 41 er det nemnd ulike årsaker til at vaksne kan trenge grunnskoleopplæring. Det kan vere

- behov for fornya grunnskoleopplæring på grunn av sjukdom eller skade
- grunnskoleopplæringa har vore mangelfull
- evt. andre grunnar.

Behovet er ikkje berre knytt til opplæring for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for inntak til vidaregåande opplæring. Dei fem faga dette gjeld er norsk, matematikk, engelsk og to av dei tre faga samfunnsfag, naturfag og RLE. Behovet må nødvendigvis heller ikkje vere knytt til heile fag, men til delar av eit fag, samt opplæring i grunnleggjande dugleikar som å lese, skrive, rekne, uttrykke seg munnleg og bruke digitale verkty.

Grunnskoleopplæringa for vaksne skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet – tilpassa den vaksne sin situasjon, men fag- og timefordelinga som gjeld for grunnskole og vidaregåande opplæring, gjeld ikkje vaksenopplæring. Kommunen må vurdere konkret kor mange timar den vaksne skal ha i kvart fag basert på den vaksne sitt behov. Tilpassinga basert på den vaksne sin livssituasjon bør tilretteleggjast med tanke på både fag, omfang, opplæringsperiode, tidspunkt, heiltids- eller deltidstilbod, progresjon, opplæringsstad og organisering.

Når det gjeld **vaksne innvandrarakar**, bør ein evt. vurdere samordning med introduksjonsprogrammet etter introduksjonslova. Vaksne med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring dersom dette er nødvendig for at den vaksne skal få forsvarleg opplæring. Dette kan omfatte særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Retten til særskild språkopplæring vil gjelde til den vaksne har tilstrekkelege dugleikar til å følgje den ordinære grunnskoleopplæringa for vaksne og må takast inn i den vaksne sitt enkeltvedtak om grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 4A-1.

Spesialundervisning for vaksne på grunnskolenes område, jf. oppl. § 4A-2

Det går fram av § 4A-2 tredje ledd at det er saksbehandlingsreglane i opplæringslova kap. 5 «Spesialundervisning», som er gjeldande. Her nemner vi særleg §§ 5-3, 5-4, 5-5; - om sakkunnig vurdering frå PPT, samarbeid med den vaksne om utforming av tilbodet og utarbeiding av IOP og halvårsrapport. Frå 01.08.2013 fell kravet om halvårsrapport bort. I staden skal det utarbeidast ein årsrapport for den opplæringa som er gitt den enkelte vaksne.

Retten til spesialundervisning på grunnskolenes område for vaksne er heimla i opplæringslova § 4A-2 første og andre ledd. Om dette heiter det i rundskriv Udir 3-2012 (side 19):

1. *«Paragraf 4A-2 første ledd fastsetter at vaksne som ikke får eller kan få et tilfredsstillende utbytte av opplæringa, har rett til spesialundervisning.»*
2. *«Paragraf 4A-2 annet ledd fastsetter at vaksne som har et behov for opplæring for å vedlikeholde eller utvikle grunnleggende ferdigheter, har rett til spesialundervisning.»*

Kva som ligg i desse omgrepa 1) «tilfredsstillende utbytte» og 2) «vedlikehalde eller utvikle grunnleggende ferdigheter», er drøfta og utleidd i avsnitt 10.1 og 10.2 (side 20-21) i rundskriv Udir 2-2010.

Om korleis ein skal vurdere retten til spesialundervisning for vaksne etter opplæringslova § 4a-2 andre ledd, heiter det i rundskrivet (avsnitt 10.2):

«Hensikten med retten til spesialundervisningen er at vaksne som har behov for å tilegne seg ferdigheter og kunnskap for å kunne fungere tilfredsstillende i samfunnet, herunder dagliglivet, vil kunne antas å ha behov for opplæring i grunnleggende ferdigheter. For at den vaksne skal ha rett til spesialundervisning etter § 4A-2 annet ledd, er det tre vilkår som må være oppfylt:

- behovet må være knyttet til **grunnleggende ferdigheter**
- det må være **opplæring** for å vedlikeholde eller utvikle de grunnleggende ferdighetene
- den voksne må ha et **særlig behov.**»

I rundskrivet blir det vist til definisjonen av «Grunnleggende ferdigheter» - slik dette står i Ot.prp. nr. 46 (1996-1997):

«Grunnleggjande dugleik er i denne samanhengen meint å dekkje ADL-trening (opplæring i daglege gjeremål), grunnleggjande kommunikasjonsdugleik, grunnleggjande lese- og skrivedugleik, motorisk trening og liknande.»

Enkeltvedtaket om spesialundervisning må vere klårt og tydeleg og ta stilling til:

- innhaldet i opplæringstilbodet
- organiseringa av tilbodet
- omfanget av spesialundervisninga
- kompetansen til den som gjennomfører spesialundervisning, evt. særskilde krav.

Jf. opplæringslova kap. 5 om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervising.

Klagerett på enkeltvedtak etter kap. 4A

Den voksne har klagerett på enkeltvedtak knytt til grunnskoleopplæringa, jf. §§ 4A-10 og 15-2, der Fylkesmannen er endeleg klageinstans. Dette vil m.a. omfatte klage på enkeltvedtak om grunnskoleopplæring for voksne etter § 4A-1, spesialundervisning for voksne på grunnskolens område etter § 4A-2, bortvising etter § 4-A-9 og skyss etter § 4A-7.

Når det gjeld rett til gratis skyss etter § 4A-7, gjeld dette følgjande to grupper:

- a) Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skulen
- b) Vaksne som har behov for spesialundervisning på grunnskolens område – uavhengig av om dei har fullført grunnskolen eller ikkje – og som har behov for skyss på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade.

Før kommunen gjer vedtak om rett til spesialundervisning på grunnskolens område for voksne, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering frå PPT. I tillegg kan fylkeskommunen som skyssansvarleg innhente legeerklæring om at skyss er nødvendig for at den voksne skal kunne motta slik opplæring.

Det er viktig at PPT i si sakkunnige vurdering legg til grunn at dette gjeld opplæring, og ikkje habilitering/rehabilitering som følgjer eit anna regelverk. Både kommunen, opplæringsstaden og PP-tenesta må nøye vurdere om det den voksne treng er grunnskoleopplæring for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleikar eller ikkje. Jf. Rundskriv Udir 2-2010 punkt 10.2.2 Opplæring.

8. Minoritetsspråklege elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring

Opplæringslova §§ 2-8 og 3-12: *Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar* gjeld både grunnskole og vidaregåande opplæring. Ordlyden er den same, bortsett frå kommune/fylkeskommune. Fylkesmannen er endeleg klageinstans på vedtak gjort av skoleeigar.

For minoritetsspråklege elevar i privatskolar, gjeld **privatskolelova § 3-6**. Her er det heimkommunen eller heimfylket til eleven som har ansvaret for både kartlegging, enkeltvedtak, organisering og økonomi. Kunnskapsdepartementet er endeleg klageinstans.

Elevar i skolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgje den ordinære opplæringa i skolen. Den særskilde norskopplæringa er knytt til norskfaget. Kommunen/skolen kan velje om dei vil la elevane følgje den nivåbaserte og aldersuavhengige læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller den ordinære norskplanen med særskilde tilpassingar. Utdanningsdirektoratet har også utvikla ein "Veileder" i språkkompetanse i grunnleggjande norsk.

Om nødvendig har minoritetsspråklege elevar i ein overgangsperiode også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Dette vil særleg gjelde elevar med så dårlege norskkunnskapar at dei ikkje kan følgje undervisninga gitt på norsk, t.d. nykomne og andre elevar med svært avgrensa norskkunnskapar. Kvar enkelt elev må difor vurderast individuelt i forhold til om slik opplæring er nødvendig. Det er laga ein eigen læreplan i morsmålsopplæring innafor Kunnskapsløftet.

For at elevane i praksis skal få oppfylt retten til særskild språkopplæring, må kommunen/fylkeskommunen/skolen gjennomføre reelle kartleggingar av elevane sine norskkunnskapar. Ei slik plikt til språkkartlegging vart innført med verknad frå 1. august 2009. Forsvarleg kartlegging av elevane sine norskdugleikar skal gjennomførast, ikkje berre før det blir fatta vedtak om rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, men også undervegs i opplæringa. Dette då særskild språkopplæring skal vere ei overgangsordning fram til full deltaking i ordinær opplæring. Retten opphøyrer når eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa.

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit kartleggingsverktøy til læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Språkkartlegginga er ein del av utgreiinga av saka før det blir gjort enkeltvedtak etter § 2-8. Manglande eller uforsvarleg kartlegging vil innebere ein feil ved saksbehandlinga. Dersom dette manglar, vil saka ikkje vere tilstrekkeleg utgreidd, jf. forvaltningslova § 17.

Oppsummert vil enkeltvedtak om særskild språkopplæring innebere følgjande:

- Eleven sine behov skal vurderast.
- Kartlegging må gjennomførast.
- Føresette skal ha høve til å uttale seg før vedtak blir fatta.
- Enkeltvedtak skal fattast når kommunen tek stilling til eleven sin rett.
- Enkeltvedtak skal fattast både ved innvilging og ved avslag på særskild språkopplæring.
- Enkeltvedtak skal vise til heimel, klageadgang, klagefrist og klageinstans.

- Vedtaka skal grunngjevast individuelt og seie noko om både innhald, omfang og organisering av opplæringa.

Desse vilkåra må vere oppfylte for at eleven og dei føresette skal vita kva tilbod dei evt. skal takke ja til, eller kva dei evt. skal kunne klage på. Minoritetsspråklege elevar som får særskild språkopplæring etter opplæringslova §§ 2-8 og 3-12, samt privatskolelova § 3-6, kan også ha rett til spesialundervisning etter opplæringslova kap.5.

Siste leddet i opplæringslova §§ 2-8 og 3-5 og i privatskolelova § 2-6, er føyd til lova 01.08.2012, jf. Kunnskapsdepartementet sitt rundskriv F-2/2012 *Informasjon om endringer i opplæringsloven og privatskoleloven, punkt 3: «Innføringstilbud for nyankomne minoritetsspråklige elever.»*

Med bakgrunn i lovendringa har Utdanningsdirektoratet laga: *«Veileder – Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklige elever»*. Tilbodet om særskild organiserte innføringstilbud i grupper, klasser eller skolar skal givast til elevar der dette truleg vil vere det beste for eleven, og der eleven og dei føresette sjølv ønskjer det. Opphaldet er tidsavgrensa til inntil to år, og det skal fattast enkeltvedtak for eitt år av gongen.

I følgje Utdanningsdirektoratet si tolkingsuttale av opplæringslova § 2-1, er det også høve til å plassere ein seint komen minoritetsspråkleg elev på eit klasstrinn lågare enn kva alderen skulle tilseie. Dette dersom det er føremålstenleg for eleven, og foreldra samtykkjer.

Diverse språk- og kartleggingsmateriell, rettleiingar, eksempelsamlingar og filmar om opplæring av minoritetsspråklege elevar finn du på heimesida til NAFO (Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring): www.hio.no/nafo

9. Enkeltvedtak – reglar for saksbehandlinga

Jf. forvaltningslova kap. 4, 5 og 6 og «Veileder...2012», side 8 - 9 og 67 – 70.

Vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2-1, førsteledd bokstav b. Fylkesmannen er endeleg klageinstans med heimel i opplæringslova § 15-2. Krava til saksbehandlinga går fram av kap. 5 i opplæringslova og av kap. 4, 5 og 6 i forvaltningslova. Med bakgrunn i våre røynsler, meiner vi det er behov for å framheve nokre paragrafar i forvaltningslova:

- ✓ § 17.....: «Krav til utredning av saka»
- ✓ § 11.....: «Plikt til å veilede»
- ✓ §§ 23, 24 og 25...: «Krav til begrunnelse»
- ✓ §§ 18 og 19.....: «Rett til partsinnsyn»
- ✓ § 23.....: «Krav til skriftlighet»
- ✓ § 27.....: «Krav til underretning av vedtaket»
- ✓ § 27: «Klageadgang»

I tillegg viser vi til dei saksbehandlingsreglane som følgjer av opplæringslova §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 4A-2.

Reglane i forvaltningslova skal leggest til grunn ved all saksbehandling om spesialundervisning. Nokre av dei største manglane ved kommunen si saksbehandling, finn vi ved det brevet som går til mor/far (føresette) med melding om enkeltvedtaket. Her er det særleg grunngevinga for vedtaket som bør betrast. Det er viktig at enkeltvedtaket og grunngevinga er forståeleg, også for foreldre/føresette. Ein bør hugse på at vedtaket skal utformast som eit forståeleg og forpliktande dokument mellom eleven/foreldra og skoleeigar/kommunen som synleggjer kva slags spesialundervisning og særlege støttetiltak eleven vil få. – Den språklege og kommunikative adressat for dette vedtaket er eleven og foreldra; eit vedtak som også vedkjem rettstryggleiken i slike saker.

Brevet til foreldra med melding om enkeltvedtaket skal ha 3 delar:

a. Enkeltvedtaket - b. Grunngevinga - c. Informasjon om klagerett

Del a: Enkeltvedtaket.

Enkeltvedtaket er juridisk bindande, og må difor formulerast klårt og presist.

Om kravet til innhaldet i eit slikt enkeltvedtak, heiter det i «Ot.prp. nr. 46 (1997-98)», jf. «Veileder» ... side 68:

«Eit vedtak i kommunen og fylkeskommunen om spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få. Eit vedtak som berre tildeler eleven ein viss timeressurs utan å fastsetje nærmare krava til innhaldet i eller til den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa, er ikkje nok».

Del b: Grunngevinga.

Grunngevinga skal ha minst 4 delar:

Lovteksta: § 5-1 i opplæringslova:

«Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven.

Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.

Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.»

✓ Saksopplysningar som skal med:

Tenk på kva foreldra treng å vite for å ha ei trygg forståing av kva dei spesialpedagogiske tiltaka inneheld, samt kva forståing som er naudsynt for at foreldra og skolen skal kunne samhandle.

✓ Omtale av eleven sitt tilbod:

Dette skal vere ei klår, konsis og forståeleg omtale av det spesialpedagogiske tilbodet.

✓ Individuell opplæringsplan (IOP):

Her er det ofte nok å ta med den delen av IOP som seier noko om kompetansemål, omfang og organisering av tilbodet om spesialundervisning til eleven. Til vanleg er ikkje IOP klar når enkeltvedtaket blir gjennomført. Ein må då ta utgangspunkt i opplysningar i det utkastet til IOP som ev. ligg føre.

✓ PPT si sakkunnige tilråding/vurdering:

Det er og viktig å få med fakta omkring omfang og organisering av tilbodet. Dette gjeld særleg når det ved klagebehandling ofte er avvik mellom den sakkunnige tilrådinga frå PPT og kommunen sitt enkeltvedtak. – I denne samanhengen er det viktig å presisere at det er eleven og foreldra/føresette som er ein av hovudadressatane for den sakkunnige uttalen.

✓ Halvårsrapport/årsrapport:

I opplæringslova har det til no vore krav om to halvårsrapportar i løpet av skoleåret. Som nemnt innleiingsvis i dette skrivet, blir halvårsrapporten erstatta med ein årsrapport frå 01.08.2013. - Eitt av primærmåla med halvårsrapport/årsrapport er å evaluere opplæringsmåla som er sett for dei spesialpedagogiske tiltaka, slik desse måla er utforma og sett opp i IOP. Slik kan ein endre og forsterke opplæringa undervegs i året/mellom skoleåra.

✓ Kva er det som gjer at du er komen fram til akkurat dette enkeltvedtaket:

Dette er den vanskelege delen av grunngjevinga.

Ein må her prøve eleven sitt behov for spesialundervisning opp mot vilkåra i opplæringslova § 5-1. Kvifor kan ikkje eleven få «tilfredsstillande utbytte» av «det

ordinære opplæringstilbudet?» Kan opplæringstilbudet til eleven gje han eit forsvarleg utbytte i høve til andre elevar og i høve til realistiske opplæringsmål for eleven? I tillegg skal ein leggje særleg vekt på utviklingsutsiktene til eleven.

Dei fleste hoppar over denne delen av grunngjevinga og gir på ein eller annan måte uttrykk for at skolen har tildelt det dei kan til spesialundervisning. Ei slik grunngjeving er ikkje akseptabel. Eleven har krav på å bli vurdert opp mot retten til spesialundervisning, og ikkje berre opp mot skolen eller skoleeigar/kommunen sin økonomi.

Avvik frå den sakkunnige vurderinga (jf. opplæringslova § 5-3, 4 ledd):

Dersom skoleeigar/kommunen gjer avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngjevinga for vedtaket vise kvifor skoleeigar/kommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbud som oppfyller retten til spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp.

Frå «*Veileder ...2012.*» - side 72, siterer vi følgjande:

«Vedtaksorganet har etter opplæringsloven § 5-3 en særskilt begrunnelsesplikt dersom enkeltvedtaket ikke er i samsvar med den sakkyndige vurderinga. Dette har sammenheng med at de sakkyndige i opplæringsloven ikke er gitt kompetanse til å fatte bindende vedtak. (...)

Vedtaksinstansen kan fravike den sakkyndige vurderingen, men dette stiller krav til begrunnelsen. Begrunnelsen må synliggjøre hvorfor den sakkyndige vurderingen fravikes. (...)Dersom det er trukket inn hensyn i vurderingen som skoleeiers økonomi, og dette er tillagt urettmessig vekt, kan enkeltvedtaket være ugyldig, jf. forvaltningsloven § 41.»

I dei nye læreplanane for fag i Kunnskapsløftet (LK-06), skal elevane vurderast i høve kompetansemål. Elevar som ikkje kan nå kompetansemåla innan eitt eller fleire fag, har rett til spesialundervisning.

Del c: Informasjon om klagerett m.m. - forvaltningslova.

Denne informasjonen er henta frå forvaltningslova:

- ✓ Eit vedtak om spesialundervisning er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova kap. VI.
- ✓ Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunktet underretninga om vedtaket er framkome til klagaren. - Klaga skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Endeleg klageinstans for slike klagesaker er Fylkesmannen.
- ✓ Klaga skal vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. I klaga skal ein nemne det vedtaket som det blir klaga over, samt nemne dei endringane som ein ønskjer blir vedteke.

- ✓ Etter forvaltningslova § 18, jf. § 19, har klagaren rett til å sjå saksdokumenta.- Klagaren har tilgang også til å søke fritt rettsråd.
- ✓ Forvaltningsorganet (skolen, kommunen o.a.) har «veiledningsplikt» etter § 11 i forvaltningslova.
- ✓ Klagaren kan få tilkjent sakskostnader etter § 36 i forvaltningslova.

10. Vedlegg til klagesakene ved innsending til Fylkesmannen

Vedlagte skjema skal nyttast av kommunane ved oversending av klagesaker om spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp til Fylkesmannen. Dette vil sikre ei meir effektiv og ryddig saksbehandling. Skjemaet viser kva for opplysningar og vedlegg som skal følgje saka. – Det er skoleeigar/kommunen som pliktar å sjå til at saka er kvalitetssikra før oversending til Fylkesmannen (jf. opplæringslova § 13-10).

Foreldre/føresette skal ha tilgang til dei same saksdokumenta som er oversendt Fylkesmannen.

Vi minner om at offentlege dokument bør **skrivast med trykte bokstavar.**

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
Utdanningsdirektør

Ole Arne Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1. Skjema – Klage på enkeltvedtak etter oppl. §§ 5-1, 5-7, 4A-1 og 4A-2
2. Skjema – Klage på enkeltvedtak etter oppl. §§ 2-8 og 3-12